

Årleg melding 2022 for
Sjukehusapoteka Vest HF

Innhold

1	Innleiing	2
1.1	Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2022	2
2	Styringsbodskap knytt til ansvarsområdet for Sjukehusapoteka Vest HF 2022	2
2.1	Legemiddelforsyning og farmasifaglege tenester.....	2
2.2	Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik	3
2.3	Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp	5
2.4	IKT-utvikling og digitalisering.....	6
2.4.1	Journal og samhandlingsløysingar	7
2.4.2	Informasjonssikkerheit	8
2.5	Beredskap og sikkerheit.....	8
2.6	Klima og miljø.....	9
2.7	Oppfølging av planar og tilsyn	10
3	Bemanning, leiing og organisasjon	10
3.1	Bemanning.....	10
3.1.1	Rekruttere, behalde og utvikle	10
3.1.2	Sjukefråvær	12
3.1.3	ForBedring	12
3.2	Inkludering og mangfald	12
4	Tildeling av midlar og krav til aktivitet.....	13
4.1	Økonomiske krav og endringar i driftskredittramma	13
4.2	Lån og investeringar	13

1 Innleiing

1.1 Generelt – samandrag av positive resultat og uløyste utfordringar i 2022

Årleg melding 2022 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Resultatprognose

- Totalt for SAV for 2022 viser prognosen eit økonomisk resultat tilsvarande resultatkrav frå eigar
- Investeringsane ligg lågare enn budsjetter på grunn av tidsforskyving i fleire prosjekt.
- Publikumsområdet syner god utvikling og prognose for samla overskot.

SAV har arbeidd med fleire utviklingsprosjekt dette året. I stor grad dreiar dette seg om å digitalisera, fornya og forbetra arbeidsprosessar, der både regionale behov og nasjonale prosjekt krev innsats.

1.2 Nye dokument som skal leggjast til grunn

I tillegg til sentrale krav har vi og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette. Den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023», som er laga med utgangspunkt i Helse Vest strategiplan «Helse 2035», har vore revidert hausten 2022. I ny plan er peika ut retning for SAV gjennom fire strategiske mål og underliggjande delmål. Revidert plan vart lagt fram for styret 08.12.2022.

Oppfølging av SAV sine strategiplanar er operasjonalisert gjennom fagplanar og aksjonsplanar på kvart verksemdsområde.

2 Styringsbodskap knytt til ansvarsområdet for Sjukehusapoteka Vest HF 2022

2.1 Legemiddelforsyning og farmasifaglege tenester

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest om å:

- sikre at det er tilgjengelege farmasøytiske tenester i tråd med behova i helseføretaka

SAV planlegg sin leveranse av farmasøytiske tenester gjennom jamleg dialog med helseføretaka. Det blir utarbeidd årsplanar med det enkelte helseføretak anten på føretaks-, klinikk- eller avdelingsnivå. Årsplanane kan i tillegg til å detaljere type teneste som skal leverast, òg ha i seg ei prioritering av leveransar.

I 2022 har ein særleg vidareført samarbeidet med sjukehusa med omsyn til auka bruk av klinisk farmasøyt i akuttmodtak og i poliklinisk verksemd. Omfang av polikliniske konsultasjonar med klinisk farmasøyt har auka gradvis i løpet av året, og ein ventar ei fortsatt utvikling framover.

Konsultasjonane bidreg til auka pasienttryggleik knytt til legemiddelbehandlinga for pasientane i Helse Vest, og gir inntekter til sjukehusa via ISF-finansiering og eigenandel.

- støtte helseføretaka med å følge opp god etterleving av og bytte mellom innkjøpsavtalar på legemiddel, inngått av Sykehusinnkjøp HF, divisjon legemidler (LIS). Sjukehusapoteka Vest HF skal samarbeide med helseføretaka om å innføre og følge opp felles beste praksis for dette arbeidet.

SAV har løfta legemiddeløkonomi som tema i fleire dialogmøter med helseføretaka gjennom året. Eit viktig budskap har vore at helseføretaka sjølve må ta eigarskap til systematisk arbeid med innkjøpsavtalar for legemiddel, gjennom å etablere eit utval av legemiddelkomiteen som har særleg fokus på kostnadskontroll for høgkostlegemiddel. Dette er første året alle helseføretaka har slike arbeidsgrupper, og SAV deltek med representant inn i alle gruppene.

Nokre av helseføretaka har hatt høgkostgruppe i fleire år, og der har SAV løfta opp at ein også må ha fokus på etterleving av nasjonale prioriteringar for ny kostbar legemiddelbehandling frå vedtak i Beslutningsforum. Gevinstrealisering gjennom god etterleving av innkjøpsavtalar vil gje økonomisk handlingsrom til å ta i bruk nye kostbare legemiddel, men det er naudsynt med strenge prioriteringar for å ikkje auke legemiddelkostnadane utover dei rammene som er gjeve. Ved nokre helseføretak, må ein auke i bruk av kostbare legemiddel føre til ei tilsvarende lågare prioritering av andre kostnader i helseføretaket. Det er difor viktig med gode system som sikrar at start av kostbar legemiddelbehandling både er tråd med helseføretaket sine lokale prioriteringar for kostnadskontroll, og dei nasjonale prioriteringane som er gjort i Beslutningsforum.

- bidra til evaluering og oppfølging av G2021-avtalen for å sikre trygg legemiddelforsyning og gevinstrealisering for spesialisthelsetenesta.

Det er etablert ei nasjonal arbeidsgruppe under leiing av Grossistadministrasjonen(GA) for evaluering av grossisten sin oppfylging av «G2021»-avtalen. Frå SAV deltek økonomidirektør, leiar vareflyt og fagsjef for sjukehusekspedisjon. Arbeidsgruppa bygger evalueringa på m.a. på innspel frå apotek, avviks- og KPI-rapportar osb. Det er innhenta innspel frå involverte partar, som til dømes Forsvaret, Mangelsenteret og Seksjon for legemiddelberedskap. Utfordringar ved leveringskvalitet og avtaleoppfølging er vurdert. Endelig avgjersle om å løyse ut opsjon vert teken av RHF-direktørane før sommaren 2023.

- sikre god gjennomføring og avstemming av byggeprosjekt i apotek med sjukehusa sine arealplanar og framtidige behov for forsyning.

SAV har tre arealprosjekt under utvikling og gjennomføring ved sjukehusapoteka i Førde, Bergen og Stavanger. Dei tre prosjekta er i ulike fase og krev tett oppfølging frå føretaket i dialog med relevante helseføretak. Prosjektleiing for utvikling av nye apotekareal er tilsett i føretaksadministrasjonen frå hausten 2022.

2.2 Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasienttryggleik

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- legge til rette for forskning og innovasjon på legemiddelområdet for å styrke arbeidet med pasienttryggleik og kvalitet. Jobbe for å sikre gode data på behandlingseffekt av legemiddelbruk og uønskete hendingar i legemiddelbehandlinga.

I 2022 har ein doktorgradsstipendiat ved Universitetet i Bergen fått forskingsmidlar frå Helse Vest, og vore tilknytt SAV gjennom forankringsavtale.

I SAV har arbeidet med sårkornprosjektet «Farmasøythenvisning i DIPS», som fekk prosjektmiddel i 2021, halde fram i 2022. I tildelinga av middel frå Helse Vest RHF i 2022 fekk prosjektet «Farmasøytens rolle ved utskriving av pasientar frå onkologisk avdeling» sårkornmiddel. Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Barne- og ungdomsklinikken, Helse Bergen.

- samarbeide med sjukehusføretaka og universitet/høgskular i relevante forskings- og utviklingsprosjekt.

Hausten 2022 vart det starta opp fire masterprosjekt i SAV. Tre av prosjekta er i samarbeid med Senter for farmasi ved UiB, medan det fjerde prosjektet er i samarbeid med Farmasøytisk institutt, UiO, i studie til erfaringsbasert master i klinisk farmasi.

Den kliniske masteroppgåva, samt ei av masteroppgåvene knytt til UiB har fokus inn mot pasientopplevd nytte av legemiddelinformasjon. Vidare er oppgåvene knytt til legemiddelkunnskap i barne- og ungdomsskule, samt til oppgåvegliding frå sjukepleiar til farmasøyt på sjukehuspost.

SAV deltek i følgjeforskningsprosjekt for pilot og innføring av *pasientens legemiddelliste* (PLL) i sjukehus i samarbeid med Nasjonalt senter for e-helseforskning (NSE). Prosjektet er todelt og SAV har prosjektleiaransvar for den kvantitative delen, og NSE for den kvalitative delen. Hovudmål for prosjektet er å produsere kunnskap om erfaringar og effektar for helsepersonell og pasientar før, under og etter innføring av PLL i sjukehus.

- vurdere å nytte innovative offentlege innkjøp der dette er relevant. Den nasjonale kompetansenesta frå InnoMed skal nyttast i tenesteinnovasjonsprosjekt når dette er relevant, og idémottaket må nyttast til å registrere innovasjonsprosjekt. Sjukehusapoteka Vest HF skal på førespurnad delta i opplæringsprogram i regi av LUP, og rapportere på indikatorar for innovasjonsaktivitet.

SAV samarbeider med Sykehusinnkjøp HF om anskaffingsprosessar, under dette innovativ anskaffing. SAV har i perioden mellom anna vore nasjonal koordinator i arbeid med anskaffingsprosess på lagerrobotar og maskinar for produksjon av eindose. Føretaket har registrert aktuelle innovasjonsprosjekt for 2022 i idémottaket. Ein ser likevel behov for å auke tilfanget av idèar. SAV sende hausten 2022 innovasjonssøknad frå Sjukehusapoteket i Førde i samarbeid med Helse Førde. Tildelinga er enno ikkje klar.

Topp 5 risiko

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- delta vidare i nettverket for risikostyring i Helse Vest, og legge nye prinsipp og retningslinjer for risikostyring til grunn i risikoarbeidet. Vidare bidra i arbeidet

med å ta i bruk eit IKT-verktøy for risikostyring, og delta i arbeidet med omsyn til topp 5 risikoar i regionale og lokale arbeidsgrupper.

- leie arbeidet med risikoområde legemiddel (ROMLE)

Kvalitetsleiar representerer SAV i Regionalt nettverk for risikostyring i Helse Vest. SAV har utarbeidd prosess for risikostyring etter føringar frå regionale retningslinjer og supplert denne med eiga prosess for endringskontroll. Risikostyring og vurdering av tiltak er og tatt inn i prosess for leiinga sin gjennomgang i føretaket.

IKT leiar representerer SAV i det regionale arbeidet med topp 5 risiko informasjonssikkerhet og i regionalt utval for IKT- sikkerhet. Arbeidsgruppa for topp 5 risiko informasjonssikkerhet følger opp tiltak i regional handlingsplan for informasjonssikkerhet.

SAV leiar arbeid med risikoområde legemiddel (ROMLE). Det er utarbeidd ein [regional plan](#) med 10 tiltak. Eit koordineringsteam med representantar frå Helse Vest IKT, RHF-et og SAV har ansvar for gjennomføring av dei 5 tiltaka som omhandlar IKT og framtidig styring av risikoområdet legemiddel. Ansvar for gjennomføring av dei resterande 5 tiltaka er fordelt ut på dei lokale arbeidsgruppene i sjukehusføretaka. Det å vera ansvarleg for eit tiltak inneber også å leggja til rette for at andre sjukehusføretak skal kunne implementera sluttproduktet av tiltaket. Alle sjukehusføretak vil dermed implementera alle 10 tiltak, men rekkjefølgja vil variera avhengig av kva for tiltak ein har fått hovudansvaret for. Det blir gjennomført månadlege møte i den regionale arbeids-gruppa for å sikra tett oppfølging og forankring av arbeidet. Tiltaka er planlagde ferdigstilte i løpet av våren 2023, men det å implementera alle tiltaka i sjukehusføretaka vil ta lengre tid.

Læring på tvers

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- sørge for å nytte lærdom frå andre helseføretak i Helse Vest for å forbetre pasienttryggleiken, og under dette gå gjennom rutinar for innmelding av alvorlege hendingar til Helsetilsynet, og sikre at desse rutine blir følgt.

Kvalitetsleiar deltek i Melde-på-tvers e-postgruppe for Synergi-avvik og får informasjon om hendingar i andre føretak som kan bidra til læring på tvers. Fast sak med erfaringsdeling i regionale fagdirektørmøter bidreg til erfaringsdeling mellom helseføretaka. SAV deler erfaringar med andre sjukehusapotekføretak gjennom felles fagdirektørmøter og via andre nasjonale treffpunkt som til dømes samling for sjukehusapotekarar.

2.3 Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- bidra til auka pasienttryggleik og kompetanse i samhandling mellom sjukehusføretak og kommunar gjennom aktive bidrag på legemiddelfeltet. Dette gjeld særleg å identifisere risiko, redusere legemiddelfeil, arbeid med pasientforløpa og tiltak ved skifte av omsorgsnivå.

Eitt av tiltaksområda i regional plan i prosjekt Risikoområde legemidlar (ROMLE) er å etablere ein beste praksis for legemiddelsamstemming i regionen. Det er velkjent at det er i overgangane

mellom kommune- og spesialisthelsetenesta at utvekslinga av legemiddelinformasjon er særleg utfordrande. SAV har styrka sitt bidrag inn mot dette området i 2022. Det har vi gjort gjennom arbeidet i ROMLE, men og gjennom legemiddelsamstemming ved klinisk farmasøyt i akuttmottaket i Haugesund frå april 2022. Her har vi drege nytte av våre erfaringar frå arbeidet i akuttmottaket i Stavanger. I tillegg bidreg kliniske farmasøytar i SAV i kirurgiske pasientforløp med pre-poliklinisk samstemming av elektive pasientar i fleire av sjukehusføretaka. Omfanget har auka i 2022, og ein ser føre seg vidare utvikling med auka bruk av kliniske farmasøytar i pasientforløp framover.

Kliniske farmasøytar i SAV gjer òg oppfølging av legemiddelintervensjonar ut mot pasientar eller samarbeidande helsepersonell i kommunehelsetenesta etter innlegging/konsultasjon i sjukehus. Vi bidreg kontinuerlig med kompetanseheevande tiltak knytt til legemiddelhandtering, riktig bruk og etterleving av behandling, både til samarbeidande helsepersonell i sjukehus og kommune, men og gjennom pasientundervisning.

Gjennom 2022 har føretaket delteke i konkurranse og vunne anbod om levering av tenester til kommunehelsetenesta i fleire kommunar.

2.4 IKT-utvikling og digitalisering

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- leie arbeid med innføring av produksjonsstøttesystem for legemidler i Helse Vest og samarbeide med KULE-prosjektet om integrasjon med løysing for kurve og legemiddelhandtering.

Prosjekt for etablering av produksjonsstøttesystem i Helse Vest ligg i SAV sin portefølje. I 2022 har det blitt arbeidd med å få i gang pilot av systemet i drift, i tillegg til tett og styrka oppfølging av leverandør for å sikre leveransar på tid og kvalitet. Det er naudsynt med nært samarbeid med KULE-prosjekt/Meona-forvalting både for å sikre at utvikling av kjemoterapi i Meona er samstemte med behov i drift og for informasjonsutveksling. I tillegg samarbeider prosjektet tett med LIBRA-prosjekt fase 2 for å få på plass kopling og dataflyt mot SAP.

- delta i arbeid med utgreiing og eventuell implementering av oppgradering av Cytodose.

Oppgradering av Cytodose blei fullført ultimo november 2022 og SAV har bidrege i arbeid med utgreiing og implementering med ei rekke fagfolk.

- delta i prosjektet «Innføring av ny nasjonal pasientjournal for apotek i samband med innføring av ny bransjeløysing (EIK1) og nytt reseptur og butikkdatasystem (ORION, tidlegare RBD).

SAV har delteke i utvikling av ny bransjeløysing (EIK) som inneheld pasientjournal med resepthistorikk og anna helsehjelp i apotek. Dette arbeidet har vore koordinert gjennom Apotekforeningen sitt dotterselskap Difa AS. EIK er no klar til bruk og tidspunkt for innføring i apotek er avhengig av når dei ulike apoteksystema er klare til å takast i bruk.

Sjukehusapotekføretaka samarbeider om å utvikle Orion (tidlegare RBD) som front-end system som skal samhandle med EIK. SAV deltek og inn i LIBRA-prosjektet som skal utvikle

integrasjon mellom Orion og SAP. Å implementere pasientjournal i SAV vert ein del av regionalt innføringsprosjekt. Det er plan om ferdigstilling av løysingar i SAV og tilkopling til EIK første kvartal 2024.

- delta i prosjektet «Pasienten si legemiddelliste, utprøving i Bergen/Helse Vest».

SAV tek del i arbeidet med PLL med fleire ressursar, både gjennom engasjement i Apotekforeningen sin apotekfaglege gruppe om PLL og i KULE-prosjektet. I apotekfagleg gruppe har det blitt greia ut faglege, praktiske, tekniske og økonomiske konsekvensar og moglegheiter, med tilhøyrande vurdering av tidsløp, for innføring og bruk av PLL i apotek.

- sikre innføring av SAP på legemiddelområdet gjennom å vidareføra arbeid frå program Libra.

SAV deltek med ressursar i regionale fagforum og superbrukarforum som del av regional forvalting av Libra/SAP. Kjedekontoret i SAV samarbeider med Libra Forvalting i Helse Vest IKT om forvalting av legemiddelprisar og legemiddelmateriale samt i løysingssaker innan Libra si løysing for legemiddellogistikk. Superbrukarar i apotek er involvert i melding av utviklingstiltak til den regionale forvaltinga. SAV og Helse Vest IKT har dialog om å avklare tydelegare ansvar og oppgåver i forvaltinga av Libra i ein ny samarbeidsavtale (OLA).

- i samarbeid med Helse Vest/Helse Vest IKT, bidra til å avklare modell, og Sjukehusapoteka Vest si rolle, ved forvaltning og vidareutvikling av digitalisering innanfor legemiddelområdet.

Det er teke initiativ til å få etablert en felles regional modell for digitalisering av legemiddelområdet i Helse Vest og sjå dette som ein del av regional styringsstruktur for digitalisering. I samband med overgang til forvalting av Meona frå 1.11.2022 har SAV og Helse Vest dialog om ein samarbeidsavtale (OLA) for å sikre tilstrekkeleg farmasifaglege bidrag i forvalting av denne løysinga. Ein legg til grunn at avtalen kan vidareutviklast til å dekke og andre område innanfor digitalisering av legemiddelområdet etter behov.

- delta i nasjonal og regional utvikling og innføring av nye system i forsyningskjeda for legemiddel.

Utover det som er nevnt ovanfor deltek SAV med rådgjevar (farmasøyt) i nasjonalt arbeid med grunndata for legemiddel (SAFEST) og i regionalt prosjekt om grunndata for legemiddel. Regionalt prosjekt har som oppgåve å finne løysingar for regionalt mottak av SAFEST samt korleis grunndata på legemiddel skal forvaltast og distribuerast til ulike system som støttar forsyningskjeda for legemiddel og bruk av legemiddel i pasientbehandlinga. SAV ser at grunndataarbeidet med fordel kunne hatt meir merksemd og ressursar. Kvalitet i grunndata er avgjerande for effektiv legemiddellogistikk og god pasienttryggleik.

2.4.1 Journal og samhandlingsløysingar

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om:

- aktiv deltaking i gjennomføringa av arbeidet med vidareutvikling av journal- og samhandlingsløysingar.

- å delta i arbeidet med Felles plan 2022 i den hensikt å sikre lokale og regionale bidrag inn i det inter-regionale og nasjonale samarbeid om digitalisering.
- å samarbeide om gjennomføring av regionale og lokale program og prosjekt knytt til IKT-utvikling og digitalisering.

Det vert vist til omtale i tidligare avsnitt. SAV har i 2022 delteke med ressursar i utvikling og forvaltning av løysingar innanfor m.a. Heliksprogrammet og Libra fase 2. Når løysningar går over til forvaltning og vidare utvikling vil SAV å bidra til at ressursar som har spisskompetanse innan farmasi og legemiddellogistikk, samt erfaring med systema, kan gå over i meir permanente roller innan forvaltning av løysingane. Eksempel på dette er overgang til forvaltning av Meona i 2022. SAV ynskjer å vidareutvikle samarbeidet med Helse Vest IKT for å få dette til også for andre regional løysingar innan legemiddelområdet.

SAV tek del i arbeidet med innføring av Microsoft 365, med representantar i styringsgruppe, regionale delprosjekt, og føretaket har etablert plan for og organisering av, lokal innføring.

2.4.2 Informasjonssikkerheit

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om:

- prioritere arbeidet, under dette sette av ressursar som sikrar deltaking i gjennomføring av den Regionale handlingsplanen for informasjonssikkerhet.

SAV har i 2022 følgd opp sikkerhetskulturundersøking og tiltak som del av regional sikkerhetsmånad (oktober 2022). SAV deltek i revisjon av regionalt styringssystem for informasjonssikkerhet. Regional styringssystem skal samordnast med nytt nasjonalt informasjonssikkerhetssystem som del av innføring av pasientjournal i apotek i 2023/2024.

2.5 Beredskap og sikkerheit

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareutvikle beredskapsarbeidet og -planane med tanke på pandemiar og andre alvorlege kriser ved å følge opp eigenevaluering av pandemihandteringa, Koronakommisjonen sin rapport og egne analysar av risiko og sårbarheit knytt til infrastruktur, kompetanse og innsatsfaktorar mv.

SAV har bidrege i evalueringsarbeid av pandemihandteringa både regionalt og nasjonalt, og gjort naudsynte justeringar av eige planverk som følgje av dette. Føretaket deltek i arbeid for oppfølging av CBRNE-området i regionen.

- bidra med innspel til departementet sin nasjonale gjennomgang av helseberedskapen i 2022.

Føretaket har formidla bidrag til legemiddelberedskap gjennom både regionalt beredskapsutval og B180.

- delta i planlegging, gjennomføring og evaluering av Helse Vest sin del av nasjonal helseberedskapsøving 2022.

SAV har fast deltaking i regionalt beredskapsutval og har gjennomført intern beredskaps-øving for leiargruppa basert på materiell frå nasjonal helseøving 2022.

- Forvalte og utvikle nasjonale beredskapslager for legemiddel på nivå 2 (B-180) i tråd med gjeldande føringar frå departementet, og i samarbeid med aktuelle interesseparter.

SAV har forvalta og utvikla beredskapslager på nivå 2 i tråd med føringar, og har samarbeidd nært med mellom anna Helsedirektoratet, Sykehusapotekene HF og Sykehusinnkjøp om dette oppdraget.

- bidra til lagring, distribusjon og klargjering av Covid-19 vaksiner i regionen.

SAV sine apotek har hatt ansvar for distribusjon av Covid-19 vaksinar frå Pfizer-Biontech til kommunar og helseføretak i regionen gjennom heile 2022. Det har periodevis vore høgt aktivitetsnivå i dette arbeidet jf. endringar i smitte i Norge og Europa og nye tilrådingar om vaksinasjon frå FHI.

2.6 Klima og miljø

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- bidra i arbeidet med å dokumentere årleg status i arbeidet med å nå dei langsiktige måla innan klimaområdet gjennom spesialisthelsetenesta sin rapport om samfunnsansvar.
- vurdere om det er riktig av omsyn til ressursbruken å vidareføre tredjepartssertifiseringa av system for miljøleiing, eller om helseføretaket skal ivareta målsettingane for miljøleiing på annan måte.

Føretaket vidarefører miljøstyringssystemet etter ISO 14001 utan ekstern sertifisering. Årleg internrevisjon av styringssystemet for ytre miljø blir no gjort i samarbeid med Sykehusapotekene i Midt-Norge.

- bidra i arbeidet med nasjonal analyse av sårbarheiter og tilpassingsbehov knytt til klimaendringar og helse.

SAV gir bidrag til nasjonalt arbeid gjennom deltaking i regionalt miljøforum i Helse Vest.

- følge felles klima- og miljømål med indikatorar for spesialisthelsetenesta vedtatt av styret i Helse Vest RHF 3. november 2021, under dette innarbeide måla i lokale utviklingsplanar og følge opp rapportering.

SAV har vedteke miljømål og laga handlingsplan for ytre miljø frå 2022 til 2024. Det blir utarbeidd kvartalsvise rapportar med måltal for kvalitet og ytre miljø.

- nytte ny «Standard for klima og miljø i sykehusprosjekter», vedtatt av styret i Helse Vest RHF 8. desember 2021, i alle sjukehusprosjekt, både for nybygging og rehabilitering.

Standarden blir tatt inn som grunnlag for planlegging av byggeprosjekt i føretaket.

2.7 Oppfølging av planar og tilsyn

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- følge opp omtalte undersøkingar utført av Riksrevisjonen

SAV bidreg til oppfølging av aktuelle rapportar på førespurnad frå Helse Vest.

- følge opp utførte interne revisjonar i Helse Vest, og spesielt fokusere på oppfølging av dei anbefalingar som er gitt og på lukking av eventuelle avvik

SAV gjennomfører og dokumenterer oppfølging av interne revisjonar i Synergi i tråd med fastsett intern prosess.

3 Bemanning, leiing og organisasjon

3.1 Bemanning

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareføre og forsterke arbeidet med å utvikle ein heiltidskultur i helseføretaka.

Arbeidsplanar vert utarbeida i dialog med tilsette, tillitsvalde og verneteneste, ROS analyse er del av drøftingsgrunnlag. Deltid er del av tema i medarbeidarsamtalar og det framgår av B-delsovereinskomstar at tilsetting i fast, heil stilling er hovudregel. Deltid vert drøfta ein gong per år, og omfang ufrivillig er svært lågt.

3.1.1 Rekruttere, behalde og utvikle

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- bidra i arbeid med å etablere kompetansestrategiar for ulike yrkesgrupper som skal bidra til prioriterte utdanningsstrategiar overfor UH-sektoren på Vestlandet.

SAV utarbeidar årleg aksjonsplan kompetane med både sentralt finansierte tiltak og lokale tiltak. Plan er heimla i strategi og andre planar. SAV har observasjonsplass i fagutvalget ved Senter for farmasi ved Universitetet i Bergen.

- bruke Regional bemanningsmodell som eit kunnskapsgrunnlag i arbeidet med å utvikle lokal kompetansestrategi.

SAV har laga analysar av behov for farmasøytar og apotekteknikarar i åra som kjem, og kva faktorar som gjev ulike utviklingsretningar. Analysar viser at SAV må ha stor merksemd på prosessutvikling og oppgåvedeling forutan rekruttering. Innføring av ny teknologi vil og vere ein modererande faktor i høve til framtidig behov. Digitalisering er definert satsings område i Aksjonsplan kompetanse.

- sørge for å rekruttere nye medarbeidarar i tråd med behov identifisert i lokal kompetansestrategi.

Behovsanalyse er del av rekrutteringsprosessar, IKT kompetanse er krav i alle annonsar.

- bruke rapporten frå «Ekstern turnover» som eit kunnskapsgrunnlag for å gjennomføre tiltak som bidreg til at medarbeidarar vel å fortsette i spesialisthelsetenesta.

SAV er del i regionalt arbeid med Top 5 risiko Turnover der det er relevant. Turnover er del av verksemdsrapport til Styret. Analyse avdekkjer same tendens som Helse vest si analyse, fråtrede skuldast i stor grad overgang til pensjon eller flytting til andre deler av landet. Bruk av sluttsamtale er del av SAV rutine.

- sørge for å utvikle medarbeidarar og å etablere og gjennomføre vidareutdanningar innanfor prioriterte grupper og etablere planar for behov for vidareutdanning for desse som grunnlag for å vere god bestillar av dimensjonering, innhald, nivå og behov overfor utdanningssektoren.

Tiltak i Aksjonsplan kompetanse omfattar vidareutdanning innan klinisk farmasi, opp til mastergrad, i tråd med Nasjonal kompetanseplan i dei 4 regionale Sjukehusapotek-føretaka.

SAV legg til rette for Ph.D-løp i samarbeid med Universitetet i Bergen (UiB), og er rettleiar på masteroppgåver. Medarbeidarar frå SAV har bistilling ved Senter for farmasi, UiB.

- ta i bruk Kompetanseportalen for å sikre ei standardisert og meir føreseieleg planlegging og gjennomføring av praksisperiodar for alle studentar.

SAV har etablert eigen kompetanseplan Student i kompetanseportalen.

- auke bruken og utnytte potensiale av simulering som eit verktøy for kompetanseheving.

Ikkje simuleringsaktivitet i SAV per 2022, men det vert arbeidd med læringsspel i ROMLE-prosjektet og utgreiing av nye verkemiddel for målretta læring.

- bidra til gjennomføring av felles tiltak for å nytte fagleg kapasitet og ressursar best mogleg knytt til prosjekt og program som legg til grunn ny eller endra oppgåvedeling.

SAV samarbeider med SUS om avlastning av spesialsjukepleiarar, der apotekpersonale tilbereder ulike legemiddel på sengepost (AST). Arbeidet skjer no på fast basis og er utvida til fleire avdelingar etter pilotprosjekt. I tillegg er det starta prosjekt ved SUS for elektiv samstemming av pasientar i kirurgiske forløp.

- bidra i felles regionale prosessar som vil bli etablert for å styrke tiltak for betre oppgåvedeling, eventuelt og nytte nye yrkesgrupper som tiltak for å vidareutvikle bruken av faglege ressursar best mogleg.

Sjå over.

- forberede og bidra til å ta i bruk ny teknologi, som del av OU-prosessar.

SAV har digitalisert dei fleste arbeidsprosessane, og er del av både regionale (til dømes SAP og M365) og nasjonale (til dømes ORION nasjonalt apotek bransjesystem) satsingar.

- sikre at helsepersonell som skal ta i bruk nye digitale verktøy i tenesteytinga får nødvendig opplæring.

Opplæring av sluttbrukarar, og superbrukarar er prioritert del av IKT innføringar og vert dokumentert i Læringsportalen.

3.1.2 Sjukefråvær

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- identifisere og ta i bruk tiltak som sikrar at medarbeidarar så raskt det lar seg gjere kommer tilbake til arbeidsfellesskapet ved sjukdom og anna uønska fråvær.

Sjukehusapoteka Vest har publisert rutinar for oppfølging av sjukefråver i Personal-handboka. HRO-avdelinga bistår i konkrete sakar ved behov. Fokus er dialog med sjuk medarbeidar, og dei som har hyppige korttidsfråver, kartlegging av reell arbeidsevne og bruk av midlertidig tilrettelegging som vert evaluert og dokumentert. Logg i GAT vert nytta til dokumentasjon i tillegg til notat som vert arkivert i HMS mappa i Elements.

3.1.3 ForBedring

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- lage handlingsplanar som del av gjennomføring av ForBedring i Synergi og bruke Synergi aktivt for å følge status og framdrift på identifiserte tiltak.

Alle einingar har gjennomgått resultat ForBedring 2022 i avdeling, samhandling og leiarmøte, forutan i føretaket sitt Arbeidsmiljøutval (FAMU). Tiltak er registrert i Handlingsplan Synergi.

3.2 Inkludering og mangfald

Helse Vest RHF ber Sjukehusapoteka Vest HF om å:

- vidareføre arbeidet med inkludering og mangfald og legge til rette for rekruttering av personar som har utfordringar med å komme inn i arbeidslivet, samt å forhindre fråfall frå arbeidslivet.

E-læringskurs inkluderande rekruttering er del av kompetansekrav til leiarar. SAV tek, i samarbeid med NAV og andre arbeidsmarknadsbedrifter, imot personar på arbeidstrening, og har i fleire høve tilsett dei i etterkant av praksisperiode. SAV legg i stor grad til rette for eigne medarbeidarar slik at dei kan halde fram i arbeidslivet, til dømes i gradert stilling.

4 Tildeling av midlar og krav til aktivitet

4.1 Økonomiske krav og endringar i driftskredittramma

Mål 2022:

- Resultatkravet for Sjukehusapoteka HF er i 2022 fastsett til eit positivt resultat på 8 mill. kroner.

SAV har lagt opp til eit budsjett i samsvar med resultatkravet og med investeringar innanfor tilgjengeleg likviditet.

Finansielt grunnlag er basert på at varer og tenester skal fakturerast til kundar der ein eigen prismodell følgjer prisregulering frå SLV og prinsippa for prising av varer og tenester er nedfelt i samarbeidsavtale med sjukehusføretaka.

Resultatprognose totalt for SAV i 2022 viser eit resultat på ca. 8 mill. Dette er på nivå med resultatkravet. Verksemdsområda leverer i stor grad på budsjett, men start av krem og salveproduksjon i 2022 samt start av nytt apotek på Haraldsplass har svakare lønnsemd enn budsjettert. Publikumsområdet har henta inn aktivitet etter en krevjande Covid år og har aukande kundetrafikk og lønnsemd.

Investeringar er lågare enn budsjett spesielt på grunn av tidsforskyving i fleire prosjekt. Med resultat på budsjett, og reduserte investeringar, har likviditetssituasjonen vore tilfredsstillande med tilstrekkeleg buffer gjennom året.

4.2 Lån og investeringar

Helse Vest RHF ber helseføretaka om å:

- utarbeide mål for gevinstar ved planlagde investeringar.
- lage handlingsplanar for korleis desse måla skal realiserast

Planlagde investeringar i SAV kjem i stor grad av endringar i sjukehusa (nye sjukehus) og endringar i nasjonalt regelverk og system krev utvikling av nye løysingar og systemendringar.

SAV har hausten 2022 lagt ein revidert investeringsplan ØLP for perioden 2023-2027 ut frå den økonomiske stoda i Helse Vest, og ut frå eit økonomisk handlingsrom basert på eigenkapital utan opptak av lån frå Helse Vest. SAV prioritere å ferdigstille prosjekt for utvikling av system, innreie nye lokaler i Førde og nytt apotek i Stavanger. Plan for utvikling av apoteket i Bergen og regionalt pakkeanlegg for eindose krev nærare avklaringar før mogeleg realisering.

Planen har vore at gevinstar skal realisert ved auka aktivitet utan tilsvarende auke i bemanning, dvs. auke i produktivitet. Publikumseiningane har no vekst i kundetrafikk etter pandemi-perioden. Her er gevinstar knytt til auka sal og bruttoforteneste i eksisterande utsal gjennom betre service til kundar ved, bla. nytt reseptur- og butikkdatasystem, klikk og hent løysing samt auka satsing på marknadsarbeid og nasjonalt samarbeid er viktige tiltak.

Både pandemiperioden og innføring av Libra i sjukehusekspedisjonen har vist at det er krevjande å ta ut gevinstar på kort sikt. Innføring av nye arbeidsprosessar og ei ny, og tildels kompleks Libra-løysing, set store krav stabilitet, opplæring av leiarar og medarbeidarar og tett oppfølging av leverandørar og kundar. Neste steg i Libra er utvikling av grensesnitt mot nytt produksjonsstøttesystem og nytt reseptur- og butikkdatasystem. Vi vonar at det ein har lært i så langt kan bidra til å ta ned risiko og auke effektiviteten på sikt i alle verksemdsområda der Libra skal takast i bruk.

Oppgraderte lokaler og nye system gjev ut frå erfaring på kort sikt mest kvalitativ nytte. SAV ventar difor at økonomiske gevinstar vert lågare enn tidlegare estimert og at gevinstane kjem seinare i planperioden. Oppdatert vurdering av gevinstpotensialet må gjerast etterkvart som lokaler og løysingar kjem på plass.